

**Utval:** Utval for miljø og samferdsel  
**Møtestad:** Synfaring 6. september. Park Hotel Vossevangen, Voss 7. september  
**Dato:** 06.09.2016 kl. 09.00-17.00  
07.09.2016 kl. 09.00-13.20

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Namn	Funksjon	Parti	Merknad
Synnøve Solbakken	Medlem	A	
Per Lerøy	Medlem	A	
Stein Inge Ryssdal	Medlem	H	
Svein Halleraker	Medlem	H	
Gustav Bahus	Medlem	Frp	
Renate Møgster Klepsvik	Medlem	Frp	
Astrid Aarhus Byrknes	Medlem	KrF	
Natalie Antonia Golis	Medlem	MDG	
Nils T. Bjørke	Leiar	Sp	
Jon Askeland	Medlem	Sp	
Marthe Hammer	Nestleiar	SV	
Geir Angeltveit	Medlem	V	Møtte 6. september

**Følgjande medlemer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Parti
Atle Kvåle	Medlem	A
Kirsten Syljeset	Medlem	H
Rasmus Laupsa Rasmussen	Medlem	A

**Følgjande varamedlemer møtte:**

Namn	Møtte for	Parti	
Øyvind Hardeland	Atle Kvåle	A	
John Torgeir Torsvik	Kirsten Syljeset	H	
Torstein Gunnarson	Geir Angeltveit	V	Møtte 7. september
Gunnar Wejset Ramsdal	Rasmus Laupsa Rasmussen	A	

**Frå administrasjonen møtte:**

Namn	Stilling
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Rolf Rosenlund	Seksjonsleiar forvaltningsseksjonen
John Martin Jacobsen	Seksjonsleiar vegseksjonen
Oddmund Sylta	Direktør Skyss
Olav Finne	Avdelingsdirektør Statens vegvesen
Gro Stien Thorvaldsen	Seniorrådgjevar fylkessekretariatet

Gro Stien Thorvaldsen  
sekretær

**Sakliste**

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 78/16	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 79/16	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 80/16	Referatsaker (meldingar)		
RS 52/16	Utgreiing av løysingar for Fv 7 Tokagjelet	2016/224	
RS 53/16	Voss kollektivknutepunkt - status per august 2016	2015/10415	
RS 54/16	Uttale frå Interesseselskapet Fjordvegen Rute 13 om utrasing langs Granvinsvatnet	2016/5283	
RS 55/16	AD nedleggelse av Finse stasjon som betjent stasjon	2016/8842	
RS 56/16	Kollektivknutepunkt Seljestad - Kløvet - Odda kommune	2016/3262	
RS 57/16	Svar på oversending - ferjetilbodet på Austevoll	2016/412	
RS 58/16	Svar på spørsmål - infotavlar langs vegane med kart	2016/412	
RS 59/16	Økte bompengetakster etter veglova § 27 annet ledd - Bergen	2016/4913	
RS 60/16	Svar på oversendingsforslag om miljøkrav til drosjenæringa	2016/6087	
RS 61/16	Kollektivtilbodet i Vardenområdet haust 2016	2014/278	
RS 62/16	Lokal takstforskrift - beredskapstakstar og gratis kollektivtilbod på dagar med fare for høg luftforureining - Vegdirektoratet si vurdering	2016/1021	
RS 63/16	Omlægging av takst- og rabattsystemet i igangsatte bompengeprosjekt i Hordaland sendt fra Statens vegvesen	2016/836	
RS 64/16	Rapportering frå NSC Transportgruppe - Møte i Billund 15. juni 2016	2016/7492	
RS 65/16	Referatsak - Fråsegn til begrensa høyring av reguleringsplan for RV 555 Sambandet Sotra - Bergen - Bergen kommune	2015/9320	
RS 66/16	Utgreiing om nøytral tredjepart kan stå for kjentmannsprøver og språktestar for drosjenæringa	2015/5550	
PS 81/16	Støtte til Danish Air Transport A/S	2014/16081	
PS 82/16	Kostnader for bussar i kø i Bergensområdet	2014/278	
PS 83/16	Tilskotsordning til tiltak for auka sykkelbruk i kommunar og fylkeskommunar. Søknad frå Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune om midlar for 2017.	2014/23709	
PS 84/16	Ymse		

## PS 78/16 Godkjenning av innkalling og saksliste

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 07.09.2016

### Vedtak

Innkallinga vart godkjend utan merknader.

Saklista vart godkjend utan merknader.

## PS 79/16 Godkjenning av møtebok forrige møte

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 07.09.2016

### Vedtak

Møteprotokollane frå møte 02. og 13.06.2016 vart godkjende utan merknader.

## PS 80/16 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 07.09.2016

I samband med RS 55/16 «Ad nedleggelse av Finse stasjon som betjent stasjon» hadde **Marthe Hammer (SV)** sendt inn slikt spørsmål:

#### «Ubetjente stasjoner

Det er store protester på Geilo, Voss og Finse over planene om å ta vekk stasjonsbetjeningen. Dersom dette blir gjennomført vil bare Bergen ha NSB-betjente stasjoner i Hordaland.

Spørsmål til samferdselsdirektør/fylkesrådmann: Vil HFK be

- a. NSB om at beslutningen blir utsatt til nedleggingen er konsekvensvurdert?
- b. Fylkesmannen om å vurdere om fjerning av personalet for publikumsfunksjoner kan ha betydning for beredskap mot ulykker og andre uønskede hendelser på Bergensbanen?»

I samband med RS 55/16 gav eit samle utval utvalsleiar **Nils T. Bjørke** fullmakt til å utarbeide og sende eit brev om problemstillinga til m.a. NSB og Samferdselsdepartementet.

I samband med RS 65/16 «Referatsak - Fråsegn til begrensa høyring av reguleringsplan for RV 555 Sambandet Sotra - Bergen - Bergen kommune» sette **Marthe Hammer (SV)** fram slik protokollmerknad:

«Gjennomgåande kollektivfelt innarbeidast som del av reguleringsplan på firefelts veg. Kollektivfelta visast i plankartet og innarbeidast i planbestemmelsane. Ny bru dimensjonerast for framtidig bybane.»

I samband med RS 65/16 spurde **Natalie Golis (MDG)** om utval for miljø og samferdsel vil få sak om dette. Fylkesdirektør samferdsel opplyste at Hordaland fylkeskommune ikkje er direkte part i saka, og at det difor ikkje er lagt opp til ei ny sak om problemstillinga.

I samband med RS 58/16 «Svar på spørsmål - infotavlar langs vegane med kart» etterspurde **Gustav Bahus (Frp)** infotavlar t.d. med melding om omkøyning i god tid før omkøyninga må gjerast. Avdelingsdirektør Olav Finne svarte at denne problemstillinga er spelt inn til NTP.

I samband med RS 60/16 «Svar på oversendingsforslag om miljøkrav til drosjenæringa» kommenterte **Natalie Golis (MDG)** kravet om at det skal setjast ein frist på minst fire år for å oppfylle krav om ei øvre grense for miljøskadeleg utslepp. Ho spurde om utval for miljø og samferdsel kan fremje ei slik sak. Seksjonsleiar Rolf Rosenlund opplyste at det vil verte lagt fram sak om problemstillinga.

## PS 81/16 Støtte til Danish Air Transport A/S

### Forslag til innstilling

Fylkesutvalet løyver kr. 210 000 til Danish Air Transport AS til drift av Stordflyet.  
Budsjettet for 2016 vert endra slik:

Konto 10 120 930 00 14700	Ymse tilskott	aukar med kr. 210 000
Konto 10 720 200 00 14700	Til rådevelde for fylkesutvalet	går ned med kr. 210 000

### Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 07.09.2016

**Natalie Golis (MDG)** sette på vegner av MDG og SV fram slikt forslag:

«Fylkesutvalet kan ikkje stø Danish Air Transport A/S (DAT) med omsøkt beløp. Å gje eit generelt driftstilskott til DAT stør ikkje opp om strategien i Handlingsprogram 2016 for Klimaplan for Hordaland 2014-2030, som seier at innan 2020 skal minst 20 % av persontransport ut av fylket austover og sørover over frå fly til buss og bane.

Inntil Avinor har overteke eigarskapet til Stord lufthamn Sørstokken, ynskjer fylkeskommunen å medverka til å oppretthalda drifta av flyplassen, men tilrettelegginga for vekst i flytrafikken er i konflikt med målet om at tog skal vera den mest attraktive reisemåten mellom Bergen og Oslo.

Regional transportplan må avklare framtidig strategi for fylkeskommunal eigarskap i høve til Stord lufthamn Sørstokken. Fylkesutvalet ber om at dette blir prioritert.»

Natalie Golis trekte det siste avsnittet i forslaget sitt.

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 2 røyster (MDG, SV) for Golis sitt forslag.

### Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet løyver kr. 210 000 til Danish Air Transport AS til drift av Stordflyet.  
Budsjettet for 2016 vert endra slik:

Konto 10 120 930 00 14700	Ymse tilskott	aukar med kr. 210 000
Konto 10 720 200 00 14700	Til rådvelde for fylkesutvalet	går ned med kr. 210 000

## PS 82/16 Kostnader for bussar i kø i Bergensområdet

### Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet ber om å få lagt fram ei eige sak om status i arbeidet med relevante framkomsttiltak, som vist i kollektivstrategiens handlingsprogram 2016-2019, punkt 4.4 Strekningsvise analysar.
2. Tiltak for å få bussane fram er ein føresetnad for å nå vekstmåla for kollektivtrafikken. Fylkesutvalet ber difor om at tiltak for å få bussen fram blir prioriterte i utarbeiding av plan- og byggeprogram for Bergensprogrammet og i arbeidet med bymiljøavtale for Bergen.

### Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 07.09.2016

Det var 14 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.  
Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 2 røyster (Frp).

### Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet ber om å få lagt fram ei eiga sak om status i arbeidet med relevante framkomsttiltak, som vist i kollektivstrategiens handlingsprogram 2016-2019, punkt 4.4 Strekningsvise analysar.
2. Tiltak for å få bussane fram er ein føresetnad for å nå vekstmåla for kollektivtrafikken. Fylkesutvalet ber difor om at tiltak for å få bussen fram blir prioriterte i utarbeiding av plan- og byggeprogram for Bergensprogrammet og i arbeidet med bymiljøavtale for Bergen.

## **PS 83/16 Tilskotsordning til tiltak for auka sykkelbruk i kommunar og fylkeskommunar. Søknad frå Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune om midlar for 2017.**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet godkjenner søknadane frå Hordaland fylkeskommune saman med Bergen kommune til tiltak innanfor ordninga om tilskot til tiltak for auka sykkelbruk i kommunar og fylkeskommunar.
2. Etter at tildeling av midlar er avgjort av Statens vegvesen Region vest vil fylkesutvalet innarbeida naudsynt eigendel på inntil 7.75 mill. kroner i fylkesvegbudsjettet for 2017.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 07.09.2016**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkesutvalet godkjenner søknadane frå Hordaland fylkeskommune saman med Bergen kommune til tiltak innanfor ordninga om tilskot til tiltak for auka sykkelbruk i kommunar og fylkeskommunar.
2. Etter at tildeling av midlar er avgjort av Statens vegvesen Region vest vil fylkesutvalet innarbeida naudsynt eigendel på inntil 7.75 mill. kroner i fylkesvegbudsjettet for 2017.

## **PS 84/16 Ymse**

### **TYSDAG 6. SEPTEMBER**

Synfaringar

Møte med Kvam herad, Granvin herad og Statens vegvesen (SVV). Tema:

- Kvammapakken - status og vidare arbeid, orientering ved ordførar Jostein Ljones, Kvam herad
- Forprosjekt Tokagelet, orientering v/ seksjonssjef Carl-Erik Nielsen, Statens vegvesen (SVV)
- Strakstiltak langs FV7, orientering v/Carl-Erik Nielsen, SVV
- Gjennomgang av vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegane v/seniorrådgjevar Knut Helge Olsen, SVV
- Orientering om rassikringstiltaka i Hardanger og tiltak på RV13 Granvin-Voss v/avdelingsdirektør Olav Finne, SVV
- Orientering om fylkesvegane i Granvin v/ordførar Ingebjørg Winjum
- Orientering om fylkesvegane i Voss v/utvalsleiar Nils T. Bjørke.

### **ONSDAG 7. SEPTEMBER**

Møte i utval for miljø og samferdsel

- Ordførar Hans Erik Ringkjøb orienterte om aktuelle samferdsels- og miljø saker i Voss.
- Vegtilsynet v/direktør Trude Tronerud Andersen orienterte om oppgåvene til vegtilsynet og om kva for tilsyn som har vore gjennomført.

- Nytt frå Skyss v/direktør Oddmund Sylta:
  - Passasjerutvikling 1. halvår 2016
  - Sommarruter 2016 for buss og bane
  - Bybanen – oppstartsutfordringar etter opning av byggjetrinn 3
  - Familiebillett
  - Oppstart for nye busskontraktar i Hardanger/Voss og Modalen/Vaksdal
  - Haustruter for buss i Bergensområdet med nye avgangar

## YMSE

### Spørsmål

**Astrid Aarhus Byrknes (KrF)** hadde sendt inn slikt spørsmål:

#### «Sommarrutene 2016

Korleis har ein opplevd sommarrutene til Skyss og spesielt Bybanen denne sesongen? Eg har fått innspel frå fleire om at sommarrutene denne sesongen varte for langt inn i august måned , noko som har skapt kaos på mange avgangar.

Er dette noko vi kan ta lærdom av til neste år, og kva kostnad har det dersom vi avsluttar sommarrutene tidlegare enn i år.»

Direktøren for Skyss svarte slik:

#### «Periode for sommarruter 2016:

I bussavtalane for ruteområda i Bergensområdet var det avtalefesta åtte veker redusert produksjon om sommaren. Dette vart kutta ned til sju veker for nokre år sidan, då det var utfordringar med manglande kapasitet både først og sist i sommarperioden. Ruteområda i Bergensområdet bør og ha lik periode for sommarrutene, då linjenett og rutetilbod heng tett saman. For Bybanen er det avtalefesta 7 veker sommarproduksjon tilsvarande som for buss.

I sommar var sommarrutene i Bergensområdet lagt til vekene 26 – 32, dvs. frå 27. juni til 14. august. Årsaka til valt periode for sommarrutene var at kommunane Osterøy, Sund, Øygarden og Os hadde siste skuledag før ferien midt i veke 25. Rutetilbodet i Bergen og kommunane rundt heng tett saman og bør derfor ha lik periode for sommarrutene.

For å gje tilfredstillande kapasitet i alle av sommarveke var det på bakgrunn av tidlegare års erfaringar planlagt lagt inn ekstra kapasitet med Bybanen i veke 26 og 32 samt ekstra avgangar med linje 2 i veke 26 og 27. Rutetilbodet vart også denne sommaren styrkt på fleire linjer for å ta igjen etterslep etter fleire omgangar med styrking av tilbodet på kvardagar utanom sommar (sak FUV 130/2016) finansiert gjennom bruk av ekstra midlar på + 17 MNOK. Styrkinga skjedde på følgjande linjer:

- 3 (Støbotn – Sletten)
- 4 (Flaktveit – Hesjaholtet)
- 10 (Mulen – Søndre Skogvei/Wergeland)
- 19 (Sentrum – Løvestakskiftet/Oasen)
- 26 (Åsane terminal – Birkelandsskiftet terminal)
- 27 (Åsane terminal – Haukeland sjukehus)
- 28 (Oasen – Haukeland sjukehus)

#### Erfaringar med sommarrutene 2016:

Tilbakemeldingar frå kundar til Skyss tyder på at busslinjene i Bergensområdet i år hadde økt kapasitet i sommarveke. Før 2016 var det særskilt mange tilbakemeldingar knytt til manglande kapasitet på «arbeidsrutene» linje 27 (Åsane terminal – Haukeland) og linje 28 (Oasen – Haukeland), men desse linjene vart styrkt med fleire avgangar i sommar. Busselskapa melder også at årets sommarruter vart gjennomført med minimalt med avvik.

Bybanen hadde til dels store kapasitetsproblem den første og siste veka med sommarproduksjon, og spesielt siste veke (8. – 14. august). Dette er tilsvarande erfaringar frå åra før. Vognproblem medførte også at ein ikkje fekk kjørt den produksjonen som var planlagt i denne perioden.

## **Bybanen 2017**

For Bybanen har det basert på erfaringane siste år vore trong for meir kapasitet i første eller siste veke av sommarrutene avhengig av kva veker ein har valt for sommarrutene. For Bybanen vart det derfor i samband med etablering av prisar for kjøring av byggetrinn 3 og kjøring av lange vogner forhandla fram 6 veker med sommarproduksjon frå 2017. Dvs. at ein frå 2017 vil ha ei veke mindre med sommarruter for Bybanen samanlikna med i år.

### **Kostnad dersom færre veker med sommarruter**

Sommarruter nokre veker om sommaren er både praktisk og økonomisk nødvendig, sjølv om dei reisande opplever at kvaliteten på tilbodet går ned. I sommarferien er skolane stengt og dei fleste arbeidsplassane har redusert aktivitet, og dermed får vi færre reisande enn vanleg. Dei fleste bussjåførane har også hovuddelen av ferieavviklinga si om sommaren. Kva varighet av sommarruter som treff reisebehovet om sommaren best avheng også av kva tilbod som blir gitt i sommarveke.

I ruteområda Bergen sentrum, nord og sør vil ei veke mindre med sommarruter ha ein kostnad på opp mot 4 MNOK. Det er då ikkje tatt med i overslaget om ein reduksjon frå 7 til 6 veker vil krevje at busselskapa må halde ein større arbeidsstokk av sjåførar for å få avvikla ferie.»

**Astrid Aarhus Byrknes (KrF)** hadde sendt inn slikt spørsmål:

«Kva rutinar gjeld for vedlikehald av haldeplassar ( buss/bane og båt ) og er det eit vedlikehaldsetterslep på eit slikt arbeid?»

Administrasjonen vil kome attende med svar.

**Synnøve Solbakken (A)** hadde sendt inn slikt spørsmål:

### **«Fartshumpar i Kvinnherad**

Det har seinare tid vore fokus på misnøye med fartshumpar i Kvinnherad, det er bussjåførar, lastebilsjåførar og taxisjåførar som har klagt på fartshumpane som det stadig blir fleire av. Det blir og arbeidd med å få etablert fleire slike fartshumpar gjennom kommunen vår som har hovudvegen som riksveg med mykje trafikk og alle utrykkingskjøretøy brukar desse vegane med den utfordringa det gjev.

Det er nødvendig med fartsreduserande tiltak, det går ikkje på det, men let det seg gjera å nytta andre metodar som å senka fartsgrensa og bruke fotoboks?

Nokre av fartshumpane er konstruerte slik at personbilar ikkje treng senka farten for å komma over, derfor ser det ut til at ikkje alle fungerer slik det var tenkt.

Spørsmålet mitt er om det i nokre tilfelle har vore vurdert – og om det let seg etablera på dei mest trafikkerte stadane fotoboks og senka fartsgrense som fartsreduserande tiltak?»

Statens vegvesen hadde utarbeidd slikt svar:

«Halsnøysambandet vart opna i 2008, og etter dette går ferjetrafikken på sambandet mot Stord over øya. I Toftebrekka vart ikkje vegen utbetra som følge av dårlege grunnforhold med kvikkleire.

Med den smale og svingete vegen, utan tilbod til dei mjuke trafikantane, vart bebruarane i nærområdet til Toftebrekka bekymra for tryggleiken langs vegen. Toftebrekka var ein del av skulevegen for mange av elevane på Tofte skule.

Som eit avbøtande tiltak vart fartsgrensa sett ned frå 50km/t til 30 km/t, med fartshumpar. Grunngevinga for tiltaket var Fartsgrensekriteriet frå Vegdirektoratet, der det er krav om 30 km/t og humpar der skulen ligg direkte mot fylkesveg.

I 2012 vart det endringar i skulestrukturen i Kvinnherad, og Tofte skule vart lagt ned.

Statens vegvesen hadde som følge av dette ein dialog med Kvinnherad kommune, transportbedrifter og privatpersonar i 2012-2013. Det vart konkludert med at Statens vegvesen skulle greia ut om humpane skulle fjernast eller bestå.

I tida etter at humpane vart bygde, er det kome mange innspel på å fjerna og behalda humpane.

Slik Statens vegvesen ser det, var det nærleiken til Tofte skule som var orsaka til at humpane vart bygde. Grunntilhøva med kvikkleire er ei av dei største behova for å fjerne humpane. Det er påvist kvikkleire i Toftebrekka, og Statens vegvesen ynskje å tilføre færrast moglege element som kan føre til ein utrasing.

#### **Konklusjonen vert at ulempene i dag er større enn fordelane.**

Når det er sagt, må ein leggja til at trafikktryggleiken likevel tel mest.

Statens vegvesen vil difor følgja utviklinga i fartsnivået før og etter at humpane vert fjerna. Deretter vil vi vurdere framtidig fartsgrense i Toftebrekka sett i samanheng med fartsgrense i Sæbøvik sentrum.»

**Synnøve Solbakken (A)** hadde sendt inn slikt spørsmål:

#### **«Trailervelt i Austevoll**

Ein trailer velta utfor vegen på Storebø sist veke.

Dette er den mest trafikkerte strekninga i området, og vegen manglar god nok fundamentering og sig derfor ut i kantane. Store bilar har velta same stad tidlegare, og folket er urolege for skulebuss og annan trafikk som køyrer denne vegen dagleg.

Har fylkeskommunen planar for utbetring av denne fylkesvegen? Ligg dette i ei prioriteringsliste?»

Administrasjonen vil kome attende med svar.

**Gustav Bahus (Frp)** stilte slikt oppfølgingsspørsmål:

«Kven har ansvaret for dei økonomiske tap 3.-part blir påført i slike tilfelle når politiet rutinemessig beslaglegg førerkortet med mistanke om straffbare forhold. Det har vore fleire slike uhell kor det har vore vegen som gjev etter. Eit døme er ei ulukke kor eit vogntog velta i trøndelag (saka er omtala på Adressa.no og var på E39 i Orkdal).»

Administrasjonen vil kome attende med svar.

**Marthe Hammer (SV)** hadde sendt inn slikt spørsmål:

«Viser til sak i Bergensavisen – BA 26. juni

<http://www.ba.no/nyheter/hordfast/statens-vegvesen/her-er-arsakene-til-at-hordfast-na-koster-39-milliarder-kroner/s/5-8-379006>

I samband med at Hordfastprosjektet har gått så dramatisk opp i pris, har det vore eit ønske om å få vurdert den indre traséen for sambandet på nytt. «Men til BT slo veivesenet denne tanken til jorden. De viste til en kostnadsberegning fra mai 2015. I den skal det gå frem at en vei om Fusa ville koste 40,7 milliarder kroner, nesten to milliarder kroner mer enn den valgte traseen med lang bro over Bjørnafjorden.»

Sjølve formålet med offentlegheitslova er å lese i § 1. Formål

«Formålet med lova er å leggje til rette for at offentleg verksemd er open og gjennomsiiktig, for slik å styrkje informasjons- og ytringsfridommen, den demokratiske deltakinga, rettstryggleiken for den enkelte, tilliten til det offentlege og kontrollen frå ålmenta. Lova skal òg leggje til rette for vidarebruk av offentleg informasjon.»

Avisa BA har bedt om at denne kostnadsberekninga frå mai 2015 vert gjort tilgjengeleg, men fått avslag med tilvising til offentlegheitslovas formuleringar om intern saksførebuing.



Spørsmål til samferdselsdirektøren:

Statens vegvesen har sjølv presentert desse tala i offentlegheita. I det tala vert presentert i offentlegheita så er ikkje desse tala del av ein intern saksførebuing meir, da er tala ein del av den offentlege debatten. For å styrke «informasjons- og ytringsfridommen, den demokratiske deltakinga [...] og for vidarebruk av offentlig informasjon spør eg etter underlagsgrunnlaget for denne kostnadsberekninga, og at den vert gjort tilgjengeleg for offentlegheita.»

Administrasjonen vil kome attende med svar.

**Marthe Hammer (SV)** hadde sendt inn slikt spørsmål:

«Eg og fleire har blitt kontakta av ei mor som har spørsmål om billettløysingane for foreldre som reiser med barn. I den samanhengen ønskjer eg å formidle spørsmålet vidare til samferdsledirektøren.

"Vyrde folkevalde!

Eg skriv til dykk, fordi eg tenkjer at de kanskje kan sjå på ei lita sak med stor betydning for mange. Det har seg slik at viss ein tek bussen med barn over 4 år, går eit barn gratis med ein vaksen. Men berre viss denne vaksne kjøper seg enkeltbillett. Ikkje viss den vaksne har periodebillett. Dimed må familiar som bruker buss til barnehagelevering (og lar bilen stå) kjøpa eige månadskort til barnet. Eller enkeltbilletter. Medan familiar som brukar bilen i kvardagen, og buss i helga på kosetur til byen, dei får gratis billett til ungane over 4.

Vert det ikkje litt urettferdig at dei som bruker bussen/bybanen til kvardagstransport skal betala for eigne billetter til 4-5 åringar? Og må ordna eige kort til ungen, som må leggest i barnehagen, fordi det ofte er ein forelder som leverer og ein som hentar, og for å sleppa å ha to periodebilletter til ungen, må kortet avleverast, på ein eller anna måte.

Kan de få til ei ordning kor også ungar som reiser med vaksne som har periodebillett kan reisa gratis?

Spørsmål til samferdsledirektøren:

Kva for vurderingar er lagt til grunn for dagens billettordning for foreldre med barn? Og er det planlagt endringar på dette?»

Direktøren for Skyss svarte at det i budsjettet for 2017 vil verte foreslått ei endring av familiebilletten som sikrar lik rett til å ta med barn på alle billettkategoriar.

**Marthe Hammer (SV)** hadde sendt inn slikt spørsmål:

**«Trafikkaos og trafikklys - Berget / Ullensvang**

Det har i sommar vore fleire hendingar med langvarig kork på RV 13 i Ullensvang. Veggen er ikkje god nok til å ta trafikkauken som sommartrafikken gjev.

Spørsmål til samferdselsdirektør/fylkesrådmann: Vil HFK be

- Statens vegvesen (SVV) gjere greie for tiltak på kort og lengre sikt som kan gje god bruksveg på traséen til RV 13?
- SVV og Ullesvang kommune om utale for om trafikklys kan vere tenleg på dei verste strekka, t.d. Berget?

<http://www.hardanger-folkeblad.no/ullensvang/samferdsel/riksveg-13/krev-tiltak-mot-kork-langs-rv-13/s/5-22-53029>»

Administrasjonen vil kome attende med svar.

**Gustav Bahus (Frp)** viste til tidlegare innsendt spørsmål:

«Oppfølging og understreking av viktigheita av omgjering av dispensasjonsregelverket for tømmertransport.

Den enkle løysinga er å omdefinera tømmer til IKKJE å vera "delbart gods" Ventar svar på tidlegare spørsmål.»

Administrasjonen vil kome attende med svar.

**Gustav Bahus (Frp)** stilte slikt spørsmål:

«Har administrasjonen planar om å utvida ordninga med studentrabatt på kollektiv ut over den aldersgrensa som er i dag.

Det er svært diskriminerande at studentar over denne grensa vært behandla ulikt med andre studentar i 100 % studiar.»

Administrasjonen vil kome attende med svar.

**Gustav Bahus (Frp)** stilte slikt spørsmål:

«Eg har tidlegare snakka om kapasiteten på Jondal-Tørvikbygd som er for liten. Kan eg få ein status frå Skyss.»

Administrasjonen vil kome attende med svar.

**Øyvind Hardeland (A)** hadde sendt inn slikt spørsmål:

«Hordaland fylkeskommune drifrar veglysa langs fylkesvegane på følgjande måte:

Fylkeskommunen betalar for straumforbruket.

Driftsutgifter for vedlikehald av linjer og utskifting av armatur vert kompensert etter ein fast sum med kvar enkelt kommune.

Etter nye krav kan det ikkje nyttast armatur med kvikksølv lampar ved utskifting til nye.

Ein lyt derfor skifta desse ut til eventuelt LED-lys. Dette er ein kostnad som kommunane vanskelig kan ta aleine for fylkeskommunale vegarmatur.

Innanfor fagmiljø meiner ein at det er store besparing av straumforbruk og stor miljøgevinst dersom alle veglysa vert skifta over til LED. Det vert hevda at det vil vera økonomisk gevinst å låna til utskifting.

Spørsmålet er derfor:

Kan Hordaland fylkeskommune ta initiativ for å løysa denne utfordringa?»

Administrasjonen vil kome attende med svar.

**Ymse**

Møteleiar **Nils T. Bjørke (Sp)** viste til brev frå Osterøy kommune om Osterøyferja, og spurde om kvar saka ligg. Fylkesdirektør samferdsel vil kome tilbake med svar.

Møteleiaren viste til invitasjon til synfaring på Hardangervidda, og opplyste at han vil delta. Han oppmoda også ein representant frå «opposisjonen» om å delta.